



Setesdalssamarbeid

Bygland, Evje og Hornnes,
Valle, Bykle og Åseral

Vedtekter for regionalt næringsfond Setesdal

Bakgrunn

Regionalt næringsfond består av midlar frå statlege/fylkeskommunale bevillingar og midlar frå Setesdal interkommunalt politisk råd (IPR). Regionalt næringsfond er eit verkemiddel i arbeidet for å styrke næringsliv i Åseral, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle kommunar.

I tillegg til årleg bevilling frå Agder fylkeskommune løyver Setesdal interkommunalt politisk råd midlar til regionalt næringsfond gjennom årleg budsjettvedtak.

1.1. Støtteformål

Regionalt næringsfond skal nyttas til å fremme etablering av ny næringsvirksomheit, samt styrking og vidareutvikling av eksisterande bedrifter.

Det kan ikkje gis støtte til gjeldssanering, driftstilskot til bedrifter eller til ordinære kommunale oppgåver.

1.2. Støtteformer

Støtte gis som tilskot. Midlane kan ikkje nyttas til garantiar, lån eller til kommunal aksjeteigning i private bedrifter.

1.3. Støttevilkår og rammer

Samlet offentleg støtte, derunder støtte frå regionalt næringsfond Setesdal, skal ikkje overstige 50 % av et prosjekts kapitalbehov. Maksimalt tilskot til eit enkeltprosjekt er elles lik den til ein kvar tid gjeldande maksimalsats for bagatellmessig støtte. Det kan gis tilskot inntil 30% av investeringskostnader og inntil 50% av utviklingskostnader. Tilskot frå regionalt næringsfond Setesdal gis under bagatellstøtteregelverket i EØS avtalen.

Utbetaling av tildelte midlar kan skje når prosjektet er gjennomført som omsøkt. Dokumentasjon av status og påløpte kostnader gjennomgåast og bekreftast av næringsansvarleg i søkjerkommunen, som anmodar om utbetaling til angitt bankkonto. Det kan på anmodning utbetalast akonto maksimalt 75%. Standard tilsegnsbrev nyttast, samt standardskriv for utbetalingsvilkår og aksept av vilkår. Tilsegn er gyldig i tilsegnssåret + 2 år.

1.4. Presiseringar

Med investeringar meinast fysiske investeringar i f.eks. bygningar og anlegg, utstyr/maskinar. Med bedriftsutvikling meinast bl.a. opplæring, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøkjingar og planlegging.

Ved berekning av prosjektenes kapitalbehov setjast maksimal eigeninnsats til 50 % som en hovudregel. Dette kravet kan, i særlege tilfelle, fråvikast.
Timesats for eigeninnsats går fram av intern rettleiar.

2.1. Styret

Styret i Setesdal interkommunalt politisk råd utgjer regionalt næringsfonds styre med ansvar for forvaltning av fondets midlar og for utforming av vedtekter og strategi for bruk av midlane.

2.2. Dagleg leiar

Administrasjonen i Setesdal interkommunalt politisk råd koordinerer arbeidet i Setesdal næringsforum, og har ansvar for møteinkallingar og referat.

Innanfor dagleg leiars fullmakter, kan dagleg leiar fatte vedtak basert på innstillinga frå Setesdal næringsforum. Dersom innstillinga skulle ligge utanføre dagleg leiar sine fullmakter, må dagleg leiar fremme ein sak til styret som då fattar vedtak basert på innstilling frå dagleg leiar.

2.3. Setesdal næringsforum

Møteleiing i Setesdal næringsforum går på omgang (2 år), og består av ein frå administrasjonen i Setesdal interkommunalt politisk råd, næringssjef/næringsrådgjevar frå kvar kommune, landbruksjef/landbruksrådgjevar frå kvar kommune samt observatørar frå Innovasjon Norge Agder og Agder fylkeskommune.

Setesdal næringsforum skal sikre god kontakt mellom offentlege aktørar i næringslivssaker i regionen.

Setesdal næringsforum er et fagnettverk. Det utarbeidast eit eget mandat for fagnettverket. Mandat godkjennast på kommunedirektørnivå i deltakarkommunane.

3. Saksbehandling

Søknader til regionalt næringsfond skal sendast via regionalforvaltning.no. Det er ingen søknadsfrist. Søknader registrerast og journalførast i Setesdal interkommunalt politisk råd, og vidaresendast sokjars heimkommune der den forberedast av næringsansvarleg for handsaming i Setesdal næringsforum.

Behandling av søknader baserast på vedtekten for regionalt næringsfond Setesdal samt årleg tilsegnsbrev frå Agder fylkeskommune.

Det utarbeidast en rettleiar for intern bruk i sakshandsaminga. Rettleiaren utarbeidast og forvaltast av Setesdal næringsforum. Styret i Setesdal interkommunalt politisk råd orienterast ved referatsak.

Søkjer får tilsendt melding om vedtak samt informasjon om utbetalingsvilkår. I tillegg får søker tilsendt eige dokument for aksept av vilkår som skal signerast og returnerast.

Dagleg leiar i Setesdal interkommunalt politisk råd og næringsrepresentantane frå kommunane har tale-, forslags- og stemmerett, mens de øvrige har kun tale- og forslagsrett. Forslag til vedtak avgjerast ved enkelt fleirtal. Ved likt stemmetall, blir dagleg leiar si stemme avgjerande.

Dagleg leiar fattar vedtak basert på innstillinga frå Setesdal Næringsforum innanfor dagleg leiars fullmakter. Dersom innstillinga ligger utanfor dagleg leiars fullmakter, må dagleg leiar fremme ein sak til styret som då fattar vedtak basert på innstilling frå dagleg leiar.

Anke behandlast først av Setesdal næringsforum. Ved fortsatt avslag fremmest sak til styret i Setesdal interkommunalt politisk råd som fattar endelig vedtak.

Vedtekter for regionalt næringsfond og referat fra møta i regionalt næringsforum Setesdal publiserast på nettsida til Setesdal interkommunalt politisk råd, saman med annan informasjon.

4. Forvaltning og regnskap

Regionalt næringsfond forvaltast av Setesdal interkommunalt politisk råd, som også står for utbetaling av tildelte midlar og eventuelle tilbakeføringar til regionalt næringsfond.

Etter tilsegnets utløp tilbakeførast ubrukte midlar automatisk til regionalt næringsfond Setesdal dersom det ikke er søkt om, og innvilga utsetting.

Aktiviteten i regionalt næringsfond rapporterast kvar år til KRD gjennom datasystemet RF 13.50- Regionalforvaltning.